

Skal sikre kulturarven mot forvitring

Eit nytt museumsselskap i fylket blir ein realitet med etableringa av Museum Nordvest, organisert som aksjeselskap.

JANN FLATVAL
jann@vestlandsnytt.no

I styremøte denne veka gjorde samanslutninga Museum Nordvest vedtak om å ta opp igjen arbeidet med å etablere eit nytt felles museumsselskap. Dermed får Møre og Romsdal sitt fjerde museumsselskap.

Museum Nordvest er samansett av seks lokale utbrytarar frå Viti, tidlegare Sunnmøre Museum.

– Siktemålet vårt er å drive det nye museumsselskapet i samsvar med den statlege ordninga for konsoliderte museum, seier Tor Sindre Steinsvik, styreleiar i Museum Nordvest og ein av pådrivarane for å få etablert det nye museumsfellesskapet.

Samlar seks lokalmuseum

I tillegg til Steinsvik «sitt eige» Herøy Kystmuseum, blir det nye museumsselskapet bestående av Aalesunds Museum, Dalsfjord Fyrmuseum, Godøy Kystmuseum, Storfjordens Venner v/ Ytste Skotet, Volda Bygdetun og Garverimuseet.

Tek vare på kulturarven

Etter fem-seks år utan resultat, konkluderer styret for Museum Nordvest med at det ikkje lenger går føre seg ein aktiv



– Vi vil sikre at viktig kulturarv, som står til forfall, blir teke godt vare på, seier styreleiar Tor Sindre Steinsvik i Museum Nordvest.

FOTO: MELISSA NERLAND PAULSEN

prosess for å samle musea på Sunnmøre i ei konsolidering. Dei musea som ikkje har funne akseptable vilkår i regionmuseet, Stiftinga Viti, står framleis utanfor ordinære finansieringsordningar frå fylke og stat.

– Konsekvensen av dette er at viktig materiell og immateriell kulturarv står til forfall og

forvitring, utdjuar Steinsvik.

Ambisjonen er at Museum Nordvest skal vere eit regionalt aksjeselskap som er lokalt forankra og som innfrir retningslinjene for konsoliderte museum.

– Dette gjer vi for å oppnå ei trygg formidling og forvaltning avkulturarven, slår Steinsvik fast.

Opne for fleire partar

Ifylgje pressemeldinga er skiparane budde på å vurdere også andre partar som aksjonærar, som til dømes vertskommunane, fylkeskommunen og andre museum i regionen.

Det overordna målet er å kome fram til eitt samla, konso-

lidert museum for Sunnmøre slik som også museumsplanen for Møre og Romsdal føreset, heiter det i pressemeldinga.

Prosjektet er organisert med styret for Museum Nordvest som styringsgruppe, og Stein Storsul som prosjektleiar.

Bygdekinoen i fare – ungdomslaget tek saka i eigne hender

Sande kommune har vedteke å avvikle bygdekinoen på Sandsøya. Men med hjelp frå bygda vil SFUL prøve å drifte tilbodet vidare.

MELISSA NERLAND PAULSEN
melissa@vestlandsnytt.no

Sande kommunestyre behandla saka juni i år. Som eit innsparringstiltak i ein pressa kommuneøkonomi vart det foreslått å avvikle tilbodet på Dollstun, noko som blei vedteke.

Det kjem også fram gjennom ein avvist søknad om konsesjon for Bygdekinoen AS for 2026.

– Sande kommune kan ikkje innvilge søknad frå Bygdekinoen AS om konsesjon for kino-drift ved Dollstun, Sandshamn for 2026, heiter det i svaret frå kommunen.

Bygdekinoen er Film & Kino sitt tilbod om kino på stader som ikkje har eigen fast kino. Bygdekinoen har mobilt utstyr og viser film i alle typar lokale over heile landet.

– Feil prioritering

Filmvisning er konsesjonsbelagt i Noreg, som betyr at kommunen må gi Bygdekinoen løyve før til å kunne vise film. Å gje konsesjon kostar ikkje noko i seg sjølv, men Sande kommune har stått for ein låg fast sum per visningsdag – 20.000 kroner i året, som altså er innsparingspotensialet.

Elles er det Sandsøy Frilynde Ungdomslag (SFUL) som drifrar tilbodet. Dei stiller forsamlingshuset Dollstun til rådighet, og dei syter også for vakter for kvar filmvisning.

Trine Lise Auflem Wik, leiar for SFUL seier at dei tykkjer det er synd at kommunestyret vel å gjere kutt i tilbodet.

– Bygdekinoen er eit tilbod for barn, unge, vaksne og eldre, og vi meiner det er feil prioritering når økonomiske kutt fører til at det er slike tilbod som må vike, skriv ho til Vestlandsnytt.

Vidare skriv ho at ungdomslaget ser på tilbodet som viktig for lokalmiljøet – både med tanke på kulturinnhaldet, og at det er ein møtestad for fleire.



Dollstun.

FOTO: ENDRE VORREN

Ber lokalsamfunnet om hjelp til å drifte tilbodet vidare

No har styret i laget vedteke at dei ynskjer å drifte tilbodet vidare, i første omgang i

2026, og då ta alle kostnadane sjølve.

– Vi kjem til å måtte be lokalsamfunnet om hjelp, men vi veit at vi har gode støttespe-

larar med på laget. Vi takkar på førehand til alle positive krefter som bidreg inn i SFUL sitt arbeid, avsluttar ho.